



Bjerkreim kommune
Sentraladministrasjonen

dek 24

200605491 01.11.06
Ki-501

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref:
2006/2706 K

Vår ref:
06/00446-4

Saksbeh:
Magnor Oma, 51 20 11 05

Arkivkode:
020

Dato:
30.10.2006

Melding om vedtak: Staten og Den norske kyrkja - Høyring

Viser til høyringdokument og brev av 24.04.06.

Bjerkreim kommunestyre har i møte 25.10.06 gjort følgjande vedtak:

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale om Staten og Den norske kyrkja:

1. Dnk skal vera ei grunnlovsforankra folkekyrkje.
2. Dnk skal halda fram som ei statskyrkje etter nåverande kyrkjeordning.
3. Ordninga med statlege og kommunale tilskot vidareførast. Det må utarbeidast retningslinjer for å sikra ei finansieringsordning som står i forhold til det ansvar og dei oppgåver Dnk skal utføra.
4. Ansvar for gravferdsordninga blir lagt til kyrkjeleg fellestråd. Ein legg til grunn at prinsippa for gravferdsforvaltninga frå utvalet blir lagt til grunn.
5. Eigedom retten til kyrkjebygg, gravplassar og andre kyrkjelege bygg blir lagt til soknet.

Jfr. vedlagte kopi av heile saksframlegget.
Vedlagt følgjer òg utfylt spørjeskjema.

Med helsing
Bjerkreim kommune

Torunn J. Gjedrem
for Magnor Oma
Personal- og opplæringsjef



Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	16.10.06	087/06
Kommunestyret	25.10.06	037/06

Sak: Staten og Den norske kyrkja - Høyring

Vedlegg:

- Hefte Statskirke
- NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke – Høring (ikkje utsendt)
(på internett: http://www.odin.dep.no/kkd/norsk/dok/andre_dok/nou/043001-020003/dok-bn.html)

Opplysningar

Det offentlege utvalet som utgreidd forholdet mellom stat og kyrkje har avgitt si innstilling i NOU 2006: 2 staten og Den norske kirke.

Utvalet har tatt opp mange forhold som er drøfta og gitt innstilling til som gjeld:

- Kyrkjeordninga i framtida
- Finansiering
- Gravferdsforvaltninga
- Freda og verneverdige kyrkjer
- Eigedomsretten.

Kyrkjeordninga i framtida:

Utvalet har skissert tre alternativ:

- Grunnlovsforankra folkekyrkje
- Lovforankra folkekyrkje
- Sjølvstendig folkekyrkje

Ei grunnlovsforankra folkekyrkje vil i hovudsak bli ei vidareføring av nåverande kyrkjeordning. Staten vil ha same rolle som ved nåverande kyrkjeordning; m.a. ved utnemning av biskopar og prostar. Den øvste myndigheit er kongen i kyrkjeleg statsråd og utnemning av biskopar og prostar ligg til kongen i statsråd.

Ei lovforankra folkekyrkje vil ha ein meir sjølvstendig stilling enn den nåverande kyrkja. Grunnlovens § 2 blir oppheva og erstatta av ei særlov dvs. ei kyrkjelov. Etter denne modellen vil kyrkjemøta vera den øvste myndigheit og det er kyrkja sjølv som utnemnar biskopar og prostar. Såleis blir dette eit reelt sjølvstyre.

Sjølvstendig folkekyrkje betyr at Den norske kyrkja blir likestilt med andre trus og livssynssamfunn. Alle grunnlovsbestemmingar blir oppheva og alle former for statleg styring i forhold til kyrkja blir avvikla. Trussamfunnsloven legg rammar for Den norske kyrkja si verksemd.

Finansieringa:

I dag finansierast kyrkja hovudsakleg av bevillingar frå stat og kommune. Utvalet vurderer det slik at det er mogleg å vidareføra denne finansieringsmåten for to av alternativa, men ikkje dersom det blir ei sjølvstendig folkekyrkje.

Utvalet har og vurdert ordningar som obligatorisk livssynsavgift som blir kravd inn som ein annan skatt for dei som er medlem av eit eller anna livssyn/kyrkjesamfunn. Ein annan måte å ordna finansieringa er gjennom direkte medlemsavgift. Utvalet har ikkje konkludert når det gjeld finansieringa, men har peika på ulike løysingar.

Gravferdsforvaltninga:

Utvalet har samla seg om følgjande prinsipp når det gjeld gravferdsforvaltninga:

- Det er eit offentleg ansvar å sørgja for gravplassar og å etablera ordningar som sikrar at gravferd og jordfesting skjer i faste ordna former.
- Alle skal gravleggjast med respekt og verdigheit og respekt for personleg tru og livssyn.
- Gravferd skal så langt det er mogleg skje i samsvar med dei reglar som den einskilde religion og trussamfunn krev.
- Det offentlege må tilsvarende ta ansvar for å skaffa til veie verdige livssynsflexible seremonilokal til bruk for innbyggjarar som ikkje nyttar kyrkjelege bygg til sine seremoniar.

Utvalet er enig om at ansvaret for ordninga må enten leggjast til kommunen eller kyrkjeleg fellesråd.

Freda og verneverdige kyrkjer

Det er ei felles forståing at det er fullt ut er det offentlege sitt ansvar å ivareta denne kulturarven. Forvaltninga av kyrkja og kyrkja sine friområde skal samordnast mellom kulturminneloven og plan og bygningsloven. Oppføring, ombygging, utviding eller nedleggelse av kyrkjer skal godkjennast av departementet.

Eigedomsretten:

I dag er det sokna som er eige rettssubjekt som har full eigedomsrett over kyrkjer, kyrkjefond, kyrkjegardar m.m. I tillegg er det betydelege eigedommar som blir forvalta av Opplysningsvesenets fond. Eit sentralt tema kan bli eigedomsretten over OVF dersom Den norske kyrkja fullt ut blir eit eige rettssubjekt.

Vurdering

Det er serleg kyrkjeordninga i framtida, finansieringa og eigedomsretten som det er grunnlag for å drøfta og ha synspunkt på lokalt.

Kyrkjeordninga i framtida:

Utvalet har lagt fram tre modellar og fleirtalet i alt 14 medlemmer samlar seg om alternativet ei lovforankra folkekyrkje. Denne måten å organisera kyrkja på gir større sjølvstyre innad i kyrkja og i stort monn fjernar statskyrkje stemplet. Større engasjement og lokale initiativ er det fleirtalet i utvalet argumenterer med. Truleg er det rett, men oppslutning om val i kyrkja har vist at det er ein liten del som engasjerer seg m.a. i soknerådsval. Men for dei som er engasjert vil ein oppleve at ein får større påverknad i fleire saker. Men sett med lokale briller kan snart makta ha skifta herre frå Storting til Kyrkjeråd. Dermed er ein ikkje sikra auka lokalt sjølvstyre for saker vil uansett bli avgjort på nasjonalt plan om dei ikkje i større grad blir delegert.

Likeval vil det vera viktig at det finst ei demokratisk line innan kyrkja frå sokneråd, bispedømmeråd til kyrkjemøtet. For kyrkja sin eigen legitimitet vil det vera rett å innføra ordningar med direkte val på alle nivå. Desse val bør gjennomførast samstundes med

kommuneval/fylkestingsval og stortingsvalet. Dette vil truleg auka interessa og oppslutninga om vala vesentleg.

Ønskje om å vera fullt ut herre i eige hus, er nok delvis bakgrunnen for alternativet ei lovforankra folkekyrkje som eit stort fleirtal av utvalet stiller seg bak. Det kan stillast spørsmål med om denne forankringa er tryggast for folkekyrkja med særlov eller i grunnloven.

Mindretalet som ønskjer å vidareføra nåverande modell; har ønskje om å vidare føre Dnk som ei brei og åpen folkekyrkje der dei fleste kan kjenna seg heime. I denne modellen kan folkevalte organ korrigera kursen dersom ein er usamd med den retninga kyrkja sine eigne organ stakar ut. I tillegg har ein kontroll over kven som skal utnemnast til prostar og biskopar. Det som er det mest konfliktfulle med denne modellen er at staten ved regjering og storting i sentrale trus og vedkjenningsspørsmål kan overstyra dei kyrkjelege organ. Dette blir snart ein kompetansestrid der den kompetente føler seg overstyrt av det folkelege skjønn. Dnk kan og oppleva at slike spørsmål kan koma opp med bakgrunn i at ein har eit anna formål enn kyrkja sitt mandat.

Det andre mindretalet som ønskjer å stilla Dnk på lik line med livssynsorganisasjonane og frikyrkjer har på sett og vis tatt kyrkja på alvor og gitt full fridom på alle område. Det dette mindretalet overser er at trass alt 85 % av det norske folk er medlem i Dnk. Dette er ei forplikting regjering og storting ikkje kan oversjå. Argumentasjon bygt kring slagorda pluralisme, toleranse og likestilling blir feil i dette tilfellet. Trass alt er det berre ca. 5 % av det norske folk som sjølv har valt å vera medlem i livssynsorganisasjonar og frikyrkjer.

Finansiering av kyrkja vil både etter alt. 1 og 2 krevja statleg og kommunal medverknad. Samstundes er det viktig å utarbeida kriteria som forpliktar i forhold til å finna eit nivå på finansieringa som er reelt i forhold dei oppgåvene Dnk skal løysa.

Innføring av kyrkjeskatt/livsynsavg. kan vera ein modell for å sikra lik økonomi på landsbasis. Dette treng ikkje bety at skattenivået aukar, men utgiftene blir spesifisert. Faren med alle slike spesialordningar kan vera auka byråkrati.

Når det gjeld *gravferdsordninga* er det kyrkjeleg fellestråd som tek seg av dette nå. Dersom kommunen skal ta over dette ansvaret, er det for å gjera sjølv gravferdshandlinga meir nøytral. Erfaringane viser at dei fleste ønskjer ei kyrkjeleg gravferd og på denne bakgrunn er det naturleg at nåverande ordning blir vidareført. Likevel er det viktig å peika på den respekt og omtanke som eit kvart menneske alltid skal behandlast med også ved livets slutt. I denne samanheng er det naturleg å peika på utvalet sin uttale til dette punktet.

Eigedom retten for kyrkjer, gravplassar og andre kyrkjelege eigedommar ligg på lokalt nivå til soknet. Soknet er eige rettssubjekt. Det kan stillast spørsmål med om eigedom retten skal tilbakeførast til kommunen, sidan kommunen ofte er ein nær samarbeidspartnar med kyrkjeleg fellestråd når det gjeld vedlikehald. Erfaringar visar at Kyrkjeleg fellestråd vil ha eit fokus på eigedommar og vedlikehald, enn kommunen som har eit langt meir omfattande ansvar for bygningar og vedlikehald. På denne bakgrunn vil alle truleg vera tent med at Dnk sine eigne organ også har ansvar for eigedommar og vedlikehald.

Forslag til uttale:

Denne høyringa er ei klar politisk sak som dei folkevalde må ta stilling til på fritt grunnlag. Rådmannen vil på dette grunnlag ikkje koma med forslag til vedtak, men vil peika på kva element som kan vera med i ein uttale og visa til alternativ.

1. Dnk skal vera ei *grunnlovsforankra/lovforankra/sjølvstendig* folkekyrkje.
2. Dnk skal gjevast auka sjølvstyre gjennom at kyrkjemøtet er det øvste mynde i tru og vedkjenningsspørsmål og andre forhold som har med kyrkja sitt indre liv m.a. utnemnar

kyrkja sjølv prostar og biskopar. / *Dnk skal halda fram som ei statskyrkje etter nåverande kyrkjeordning.*

3. Ordninga med statlege og kommunale tilskot vidareførast. Det må utarbeidast retningsliner for å sikra ei finansieringsordning som står i forhold til det ansvar og dei oppgåver Dnk skal utføra. Kyrkjeskatt/livssynsavgift bør vurderast i denne samanheng. / *Kyrkja må sjølv ta ansvar for å finansiera eiga drift.*
4. Ansvaret for gravferdsordninga blir lagt til kyrkjeleg fellestråd. Ein legg til grunn at prinsippa for gravferdsforvaltning frå utvalet blir lagt til grunn. / *Ansvaret for gravferdsordninga blir lagt til kommunen. Ein legg til grunn at prinsippa for gravferdsforvaltning frå utvalet blir lagt til grunn.*
5. Eigeomsretten til kyrkjebygg, gravplassar og andre kyrkjeleg bygg blir lagt til soknet. / *Eigeomsretten til kyrkjebygg, gravplassar og andre kyrkjeleg bygg blir lagt til kommunen.*

Forslag til vedtak:

-

Behandling i Formannskapet - 16.10.2006:

Inger Merethe Bjerkreim sette fram følgjande forslag:

1. Dnk skal vera ei lovforankra folkekyrkje.
2. Dnk skal gjevast auka sjølvstyre gjennom at kyrkjemøtet er det øvste mynde i tru- og vedkjenningsspørsmål og andre forhold som har med kyrkja sitt indre liv. M.a. utnemnar kyrkja sjølv prostar og biskopar.

Asbjørn Ramsli sette fram følgjande forslag:

1. Dnk skal vera ei grunnlovsforankra folkekyrkje.
2. Dnk skal halda fram som ei statskyrkje etter nåverande kyrkjeordning.

Avrøysting:

Asbjørn Ramsli sitt framlegg fekk 2 røyster og falt.

Deretter vart Inger Merethe Bjerkreim sitt framlegg godkjent med 3 mot 2 røyster.

Vedtak i Formannskapet - 16.10.2006:

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale om Staten og Den norske kyrkja:

1. Dnk skal vera ei lovforankra folkekyrkje.
2. Dnk skal gjevast auka sjølvstyre gjennom at kyrkjemøtet er det øvste mynde i tru- og vedkjenningsspørsmål og andre forhold som har med kyrkja sitt indre liv. M.a. utnemnar kyrkja sjølv prostar og biskopar.

Behandling i Kommunestyret - 25.10.2006:

Asbjørn Ramsli sette fram følgjande forslag:

1. Dnk skal vera ei grunnlovsforankra folkekyrkje.
2. Dnk skal halda fram som ei statskyrkje etter nåverande kyrkjeordning.

Liv Gjedrem reiste forslag om følgjande tillegg til formannskapet sitt vedtak i sak 87/06:

3. Ordninga med statlege og kommunale tilskot vidareførast. Det må utarbeidast retningsliner for å sikra ei finansieringsordning som står i forhold til det ansvar og dei oppgåver Dnk skal utføra. Kyrkjeskatt/livssynsavgift bør vurderast i denne samanheng.
4. Ansvaret for gravferdsordninga blir lagt til kyrkjeleg fellestråd. Ein legg til grunn at prinsippa for gravferdsforvaltninga frå utvalet blir lagt til grunn.

5. Eigeidsretten til kyrkjebygg, gravplassar og andre kyrkjelege bygg blir lagt til soknet.

Marthon Skårland reiste forslag om at setninga: *Kyrkjeskatt/livssynsavgift bør vurderast i denne samanheng* skal strykast.

Marthon Skårland sitt forslag vart samrøystes godkjent.

Liv Gjedrem sitt forslag pkt. 3 vart godkjent med 15 mot 2 røyster. Pkt. 4 og pkt. 5 vart samrøystes godkjende. Liv Gjedrem sitt forslag vart såleis godkjent med unntak av setninga: *Kyrkjeskatt/livssynsavgift bør vurderast i denne samanheng* - som skal strykast.

Asbjørn Ramsli sitt forslag fekk 10 røyster og vart godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 25.10.2006:

Bjerkreim kommune gir følgjande uttale om Staten og Den norske kyrkja:

1. Dnk skal vera ei grunnlovsforankra folkekyrkje.
2. Dnk skal halda fram som ei statskyrkje etter nåverande kyrkjeordning.
3. Ordninga med statlege og kommunale tilskot vidareførast. Det må utarbeidast retningsliner for å sikra ei finansieringsordning som står i forhold til det ansvar og dei oppgåver Dnk skal utføra.
4. Ansvaret for gravferdsordninga blir lagt til kyrkjeleg fellesråd. Ein legg til grunn at prinsippa for gravferdsforvaltninga frå utvalet blir lagt til grunn.
5. Eigeidsretten til kyrkjebygg, gravplassar og andre kyrkjelege bygg blir lagt til soknet.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: BJERKREIM KOMMUNE

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellestråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare